

## Prosjekt

# Sjøutstilling i Lindåsosane

---

## Innleiing

Lindåsosane i Nordhordland er eit vakket sjøbasseng med tilgang frå den indre farleia gjennom dei gamle sjøslusene på Spjotøy. Sjøslusene er eit unikt kulturminne i seg sjølv, og er eitt av to gjenverande sjøsluser i landet. Sommaren 2013 var dei ferdig restaurerte og gjenopna for bruk, eit arbeid Hordaland Fylkeskommune, Lindås Kommune og Kystverket sto ansvarleg for. For å komme inn til Lindåsbygda og Vågseidet sjøvegen må ein gjennom slusene og følgje leia gjennom Lindåsosane.

«Sjøutstilling i Lindåsosane» er eit delprosjekt under hovudprosjektet «Lindåsbygda og Slusene – Frå oske til eld». I desember 2013 vart hovudprosjektet tatt opp som assosiert prosjekt med midlar i LivOGLyst Hordaland, og mobilisering og planlegging i bygda er allereie godt i gang. Det overordna målet for prosjektet er «Gjennom samarbeid i bygda skapar vi trivsel, styrker identiteten til Lindåsbygda og aukar aktivitetane mellom frivillige, kulturaktørar og næringsdrivande slik at bygda er ein levande plass og bu og besøkje». Med bakgrunn i det overordna målet fokuserer dette delprosjektet på å utvikle Lindåsosane og Slusene som oppleving, både for fastbuande og tilreisande.

## Idé

Tanken er å nytte holmar, skjær, bergveggar osv til å formidle noko av kystkulturen vår og det særeigne for området, og gje dei sjøfarande ei ekstra oppleving. Dette vil vi gjere gjennom å etablere ei permanent utstilling av installasjonar, skulpturar og måleri i Lindåsosane. Utstillinga skal stå året rundt og endre seg naturleg av ver og vind. I tillegg ynskjer vi at utstillinga vert fornya med eitt nytt verk i året, slik at besøkjande opplever noko nytt for kvart år. Vi trur at å nytte Lindåsosane som utandørs galleri for sjøfarande, vil styrke både den Indre Farleia og Slusene som oppleving.

## Mål

### Hovudmål:

- Å gje sjøfarande ei spennande oppleving i naturen i Lindåsosane
- Å styrke Lindåsslusene som reisemål og oppleving
- Å bidra til utvikling av reiseliv og kultur i Lindåsbygda og regionen

## Aktivitet og framdrift

### Førebuing

Som førebuing har det vore kontakt med Kystverket om det let seg gjere å nytte Lindåsosane på ein slik måte, noko vi har fått positiv tilbakemelding på. Det har også vore kontakt med kunstnarar som ynskjer å delta i prosjektet.

### Planlegging

Prosjektet har oppstart i midten av februar 2014 med konkret planlegging og avklaringar. Ei tidleg avklaring vil vere kontakt med grunneigarar for løyve til å montere verk. Nokre av verka skal lagast på plassen, mens andre kan lagast hos den einskilde kunstnar for deretter å bli montert. Det skal også leggst plan for oppfølging og eventuelt vedlikehald av verka.

### Montering og opning

Planen er å starte montering rundt midten av mai 2014. Utstillinga skal opnast i samband med eit stort sommararrangement «Verdas lengste sjømatbord» som ein jobbar med i hovudprosjektet. Det vert laga utstillingsguide som er lett tilgjengeleg i land og som omtalar verka og prosjektet.

Ein kan også nemne at ein under hovudprosjektet jobbar med å lage ei ordning for båtskyss i Lindåsosane. Sjøslusene er kun tilgjengelig frå båt, og utstillinga vert også montert med tanke på at den skal opplevast frå båt. Skyssordninga skal vere eit tilbod til lokale og tilreisande sommarhalvåret.

### Oppfølging

Hausten 2014 vil prosjektgruppa starte arbeidet med neste års supplement til utstillinga. Verka som allereie er montert vil følgjast opp etter plan.

## Organisering

### Prosjektansvarleg

I samråd med Nordhordland Næringshage, som er prosjektansvarleg for hovudprosjektet, er Heilt originalt! prosjektansvarleg for delprosjektet «Sjøutstilling i Lindåsosane». Heilt originalt! er målverksemd i Næringshagen, og nyttar Næringshagen ved Solveig Lerøy til råd og rettleiing undervegs. Dette gjeld i særleg grad innan det økonomiske.

### Prosjektleiing og prosjektgruppe

Elisabeth Tonheim er prosjektleiing og drivkraft i prosjektet. Turid Grov (glaskunst), Bente Brekke Kampevold (måleri), Solveig Haukaas (emalje) og Giuseppe Miconi (måleri) er deltakande kunstnarar og utgjer prosjektgruppa saman med Elisabeth Tonheim (skrotkunst). Prosjektgruppa knyt til seg andre naudsynnte ressursar undervegs og etter kvart som behova melder seg.

### Forankring

Dette prosjektet er vedtatt som delprosjekt under hovudprosjektet «Lindåsbygda og slusene – Frå oske til eld». Hovudprosjektet er tatt opp i LivOGLyst-programmet i Hordaland, som er ei

satsing frå Fylkesmannen, Hordaland Fylkeskommune og Innovasjon Norge. LivOGLyst har som mål å auke samarbeid og utvikling i lokalsamfunn, og her på Lindås består hovudprosjektet av eit breitt utval av næringsdrivande, kulturaktørar, frivillige lag, gründere, bygdelag mm. Lindås Kommune ved Kultureininga og Næringssjef har vore involvert i prosjektet frå start, og har garantert for økonomisk støtte i samsvar med krav til LivOGLyst-prosjekt.

## Budsjett og finansiering

<b>Budsjett</b>	<b>Utgifter</b>	<b>Finansiering</b>	<b>Inntekter</b>
Seks kunstverk	200 000	Lindås Kommune	100 000
Montering kunstverk	20 000	KORO	70 000
Marknadsføring	20 000	Spons	50 000
Prosjektleiing	20 000	Eigenandel	40 000
<b>Totalt</b>	<b>260 000</b>	<b>Totalt</b>	<b>260 000</b>